



Lærdal  
kommune



## LÆRDALSØYRI SKULE – TILBYGG/ OMBYGGING

OPEN ANBUDSKONKURRANSE  
NS 8407 TOTALENTERPRISE

**Del II Kontraktsgrunnlag med kontraktsdokument og  
krav til levering og gjennomføring**

## Innhald

<b>1. GENERELL DEL</b> .....	<b>4</b>
1.1. Innleiing .....	4
1.2. Kort om prosjektet .....	5
1.3. Organisasjon og entreprisemodell .....	5
1.3.1 Organisering .....	5
1.3.2 Entrepriseform for denne kontrakten.....	5
1.4. Tiltakshavar.....	5
1.4.1 Tiltakshavar .....	5
1.4.2 Tiltakshavar si prosjekteringsgruppe .....	6
1.5. Avtaledokument .....	7
<b>2. KONTRAKTSFØRSEGNER</b> .....	<b>7</b>
2.1. Alminnelege kontraktsføresegner .....	7
2.2. Spesielle kontraktsføresegner .....	7
2.2.1 I tillegg til NS8407 pkt 2.2 kjem følgjande presisering .....	7
2.2.2 Prosjekterings-, bygge- tiltakshavarmøte NS 8407 pkt. 4.3.....	8
2.3. Byggherrens sikkerhetsstilling NS 8407 pkt. 7.3.....	8
2.4. Val av løysingar NS 8407 pkt. 14.6 .....	8
2.5. Offentlege løyve NS 8407 pkt. 16.3 .....	9
2.6. Risikoovergang NS 8407 pkt. 24.2 .....	9
2.7. Totalentreprenørens vurdering av kvaliteten på løysingar og annan prosjektering foreskrevet av tiltakshavar NS 8407 punkt 25.2 .....	9
2.8. Indeksregulering NS 8407 pkt. 26.2 .....	9
2.9. Mislighald av miljøkrav.....	10
<b>3. TEKNISKE BESTEMMELSER OG KRAV</b> .....	<b>12</b>
3.1. Leveranse.....	12
3.2. Generelle funksjonskrav.....	13
3.2.1 Lover, forskrifter og relevante rettleiarar og norske standardar .....	13
3.3. Teiknings- og prosjekteringsgrunnlaget .....	14

3.4.	Tilkomst og byggeområde generelt .....	14
3.5.	Rigg og drift .....	14
3.6.	Skulen i byggeperioden .....	16
3.7.	Mellombels skule .....	17
3.8.	Arkitektur generelt.....	17
3.9.	Teikningsgrunnlag generelt.....	17
3.10.	Materialkvalitet/fargar generelt.....	18
3.11.	Akustikk generelt .....	18
3.12.	Innreiing generelt .....	18
3.13.	Grunnforhold .....	18
3.14.	Bygningsmessig arbeid.....	19
3.14.1	Konstruksjonar og overflater.....	19
3.14.2	Tilfredsstilling jfr TEK17.....	19
3.15.	Bygningsmessig arbeid ARK og RIB .....	19
3.16.	VVS- tekniske anlegg .....	20
3.17.	Elektrotekniske anlegg.....	21
3.18.	Utomhusanlegg.....	21
3.19.	Brannteknikk.....	22
3.20.	Miljøsanering .....	23
3.21.	Akustikk .....	23
3.22.	Dokumentasjon .....	23
3.23.	Prøvedrift .....	24
3.24.	Opplæring .....	25
3.25.	Kvalitetssikring.....	25
<b>4.</b>	<b>KRAV TIL BYGGEPROSESSEN .....</b>	<b>26</b>
4.1.	Ansvar etter PBL.....	26
4.2.	OFFENTLEG GODKJENNING .....	26
4.2.1	Reguleringsplan .....	26
4.2.2	Dispensasjon frå reguleringsplan .....	26

4.2.3	Rammeløyve og vidare søknader .....	26
4.2.3.1	Søknad og rammeløyve av 10.11.2025.....	26
4.2.3.2	Komplettering av rammeløyve .....	27
4.2.3.3	Ny endring av rammeløyve .....	27
4.2.3.4	Søknadsprosess som TE overtek .....	27
4.2.4	Uavhengig kontroll.....	28
4.3.	Prosjekteringsgruppe .....	28
4.4.	Prosjektering.....	28
4.5.	Teikningsutveksling .....	29
4.6.	SHA-plan.....	29
4.7.	Helse, miljø og sikkerheit .....	29
4.7.1	Generelt .....	29
4.7.2	Arbeidsmiljølova.....	29
4.7.3	Internkontrollforskrifta .....	29
4.7.4	Byggherreforskrifta .....	29
4.8.	Krav til bruk av lærlingar.....	30
<b>5.</b>	<b>FRISTAR, DAGMULKT OG FRAMDRIFT.....</b>	<b>31</b>
5.1.	Tidsfristar og dagmulkt .....	31
5.2.	Dagmulkt.....	31
5.3.	Framdriftsplanlegging.....	31
<b>6.</b>	<b>VEDERLAG.....</b>	<b>32</b>
<b>7.</b>	<b>VEDLEGG .....</b>	<b>32</b>

## 1. GENERELL DEL

### 1.1. Innleiing

Dette kontraktsgrunnlaget er utarbeidd for prosjektet på Lærdalsøyri skule med tilbygg og ombygging.

Totalentreprenøren som er knytt til denne kontrakten, pliktar å følgje dei til kvar tid gjeldande føresegner og retningsliner som går fram av denne oppdragsbeskrivinga.

Alle krav som går fram av denne oppdragsbeskrivinga, skal vere inkluderte i pristilbodet frå totalentreprenøren.

## **1.2. Kort om prosjektet**

Lærdalsøyri skule er ein fulldelt barne- og ungdomsskule (1-10). I tillegg til skulen er det SFO-avdeling, kulturskule og idrettshall/symjehall.

Skulebygningen består av 3 ulike byggetrinn med ulik alder og ulik tilstand.

Opprinneleg skulebygning vart oppført på slutten av 1960- talet og sidan delvis ombygd og rehabilitert i 2010. Nytt folkebibliotek vart bygd som tilbygg i 1989 (Fløy A). Eit tilbygg for småskuletrinnet vart oppført som del av ny idrettshall (Lærdalshallen) i 2006. Garderobeanlegget til symjehallen vart rehabilitert i 2024.

Entreprisen omfatter tilbygg og ombygging av skulen i henhold til konkurransegrunnlaget.

## **1.3. Organisasjon og entreprisemodell**

### **1.3.1 Organisering**

Lærdal kommune vil organisere sin del av prosjektet med ein prosjektleiar.

Totalentreprenøren skal ha kontrakt med naudsynte rådgjevarar og eventuelle underleverandørar.

### **1.3.2 Entrepriseform for denne kontrakten**

Prosjektet vert gjennomført som totalentreprise.

## **1.4. Tiltakshavar**

### **1.4.1 Tiltakshavar**

Tiltakshavar :

Lærdal kommune

Skulevegen 18, 6887 Lærdal

Kontaktperson :

Lærdal kommune

v/ prosjektleiar Jonas Edshage

Tlf. 905 03 663

E-post : [jonas.edshage@laerdal.kommune.no](mailto:jonas.edshage@laerdal.kommune.no)

## 1.4.2 Tiltakshavar si prosjekteringsgruppe

### PROSJEKTERINGSGRUPPE

GRUPPELEIAR (PGL)

Arkitektkontoret A38

v/ Rolf Sande

Tlf. 917 09 083

E-post : [rolf.sande@a38.no](mailto:rolf.sande@a38.no)

ARKITEKT (ARK)

Arkitektkontoret A38

Postboks 314, 6852 Sogndal

5762 7450

Sakshandsamar :

Sondre H Hilde

Tlf. 477 98 487

E-post : [sondre.h.hilde@a38.no](mailto:sondre.h.hilde@a38.no)

Knut Johan Aase

Tlf. 477 98 472

E-post : [knut.johan.aase@a38.no](mailto:knut.johan.aase@a38.no)

RÅDG. ING. BYGGETEKNIKK (RIB)

Ingeniørkontoret Per Berteig AS

Kyrkjevegen 6, 6856 Sogndal

Sakshandsamar :

Per Berteig

Tlf. 901 00 850

E-post : [per@pb.no](mailto:per@pb.no)

RÅDG. ING. VVS-TEKNIKK (RIV)

iVestConsult AS

Sakshandsamar :

Tor-Gunnar Fjelde Feten

Tlf. 995 61 596

E-post : [tgf@investconsult.no](mailto:tgf@investconsult.no)

RÅDG. ING. ELEKTROTEKNIKK (RIE)

iVestConsult AS

Sakshandsamar :

Hilde E. Nilsen  
Tlf. 404 01 377

E-post : [hen@investconsult.no](mailto:hen@investconsult.no)

RÅDG. ING. BRANN (RIBR)  
Firesafe AS  
Kvitsøygata 1, 5537 Haugesund  
Sakshandsamar :  
Jostein Breivik  
Tlf. 926 31 898  
E-post : [jostein.breivik@firesafe.no](mailto:jostein.breivik@firesafe.no)

LANDSKAPSARKITEKT (LARK)  
iVestConsult AS  
Sakshandsamar :  
Magdalena Renkas  
Tlf. 484 28 758  
E-post : [mar@investconsult.no](mailto:mar@investconsult.no)

## **1.5. Avtaledokument**

Avtaleformular: Byggblankett 8407 A. Formular for kontrakt om totalentreprise.

Formularet vert fylt ut i samband med kontraktsinngåing.

## **2. KONTRAKTSFØRSEGNER**

### **2.1. Alminnelege kontraktsføresegner**

For denne kontrakten gjeld Norsk Standard (NS) 8407:2011 Alminnelege kontraktsføresegner for totalentreprisar, med endringar og suppleringar frå dette konkurransegrunnlaget.

### **2.2. Spesielle kontraktsføresegner**

#### **2.2.1 I tillegg til NS8407 pkt 2.2 kjem følgjande presisering**

Følgjande rangering skal vere styrande for prosjektgjennomføringa for alle fag og gjeld ved dissens og/ eller uklarheiter i dokumenta:

1. Del I Konkurransebeskriving og Del II Kontraktgrunnlag med kontraktsdokument og krav til levering og gjennomføring
2. Vedlagte rapportar jfr Del II Kontraktgrunnlag med kontraktsdokument og krav til levering og gjennomføring pkt 7. Vedleggsoversikt.

3. Miljøkrav, jfr vedlegg F-7.11 Kravspesifikasjon miljø og F-7.12 Begrunnelse for bruk av krav iht LOA §5b (Multiconsult)
4. Kravsspesifikasjon, dvs tekniske beskrivelser for bygningsmessig (Bok 2), vvs (Bok 3) og el-kraftinstallasjoner, Ekom- og automatisering og andre installasjoner (Bok 4).
5. Teikningar jf teikningslister ARK, RIB, RIV, RIBR og LARK (RIE har ikkje teikningar).
6. Alle lover, forskrifter og relevante rettleiarar, Norske standardar m.v.

### **2.2.2 Prosjekterings-, bygge- tiltakshavarmøte NS 8407 pkt. 4.3**

Som tillegg til NS 8407 pkt. 4.3 kjem følgjande:

TH har rett til å delta på møte med kontraksmedhjelparar.

TH skal få innkalling til møte med kontraksmedhjelparar (mellom anna prosjekteringsmøte, byggjemøte, framdriftsmøte mv.), og skal ha høve til å delta i desse møta. Totalentreprenøren skal føre referat frå møta, og byggherren sin representant skal alltid få kopi av møterefjerata.

TH skal ha skriftleg innkalling samtidig med kontraksmedhjelparar. Innkalling ved e-post reknast som skriftleg innkalling.

Totalentreprenøren skal i møte med TH etter behov men minimum ein gong per månad orientere tiltakshavar løpande om status, oppfylgging i høve kravsspesifikasjonen, prosjektering, materialval, tekniske løysingar, økonomi, framdrift etc.

Totalentreprenøren sin prosjektleiar skal stå som ansvarleg for utarbeiding av rapportar som skal minimum innehalde følgjande hovudpunkt;

- SHA- rapportering i samsvar med Byggherreforskrifta og kapittel for rigg og drift.
- Framdriftsstatus viser total framdrift i forhold til drifting av gjeldande godkjent framdriftsplan (progress status og vising av tiltak for seine aktivitetar)
- Økonomi
- Beslutningsstatus/ drifting av beslutningsplan samt status i samsvar med leveranseplan i prosjektet for prosjektering og bygging.

### **2.3. Byggherrens sikkerhetsstilling NS 8407 pkt. 7.3**

NS 8407 pkt. 7.3 går ut og vert erstatta med:

Byggherren stiller ikkje sikkerheit.

### **2.4. Val av løysingar NS 8407 pkt. 14.6**

NS 8407 punkt 14.6 nytt tredje og fjerde ledd:

Totalentreprenøren kan likevel ikkje fråvike dei løysingane som går fram av konkurransegrunnlaget, med mindre dette er avtalt.

Dersom avtalte løysingar ikkje er eigna til å oppfylle krava i kontrakten, har totalentreprenøren ansvar for å utarbeide nye løysingar som er i samsvar med krava i kontrakten, utan at dette gir totalentreprenøren krav på vederlagsjustering eller fristforlenging. Dersom andre tekniske løysingar enn dei opphavleg avtalte vert nytta, skal partane saman formulere krav til løysingane som skal danne grunnlag for totalentreprenøren sitt reklamasjonsansvar.

## **2.5. Offentlege løyve NS 8407 pkt. 16.3**

Som tillegg til NS 8407 pkt. 16.3 kjem følgjande:

Totalentreprenør dekker alle kostnader i samband med søk, med unnatak av lovpålagt uavhengig kontroll, etter kontrakt er inngått.

## **2.6. Risikoovergang NS 8407 pkt. 24.2**

NS 8407 pkt. 24.2.1 først ledd nytt første ledd:

Totalentreprenøren har teke på seg fullt ansvar for løysingar og anna prosjektering som er utarbeidd av TH, eller som andre har utarbeidd eller vore involverte i, og som vert lagde til grunn for kontraktarbeidet.

NS 8407 pkt. 24.2.2 utgår og erstattast med følgjande:

Totalentreprenøren har allereie føretatt ein gjennomgang av løysingane og prosjekteringsmaterialet i tråd med NS 8407 punkt 24.2.2.

Frå signering av kontrakten vil totalentreprenøren bere den fulle risikoen for all prosjektering som er utført i prosjektet, som om han sjølv hadde prosjektert eller valt løysingane.

## **2.7. Totalentreprenørens vurdering av kvaliteten på løysingar og annan prosjektering foreskrevet av tiltakshavar NS 8407 punkt 25.2**

NS 8407 punkt 25.2 utgår. sjå punkt 24.2.

## **2.8. Indeksregulering NS 8407 pkt. 26.2**

NS 8407 pkt. 26.2 utgår, og erstattast med følgjande:

Prisregulering skal baserast på Statistisk sentralbyrå (SSB) si Byggekostnadsindeks for bustader, delindeks "Bustader i alt".

Indeksen måler månadleg utvikling i kostnader knytt til bustadbygging og omfattar materialar, arbeidskraft og andre innsatsfaktorar.

Basisindeks ( $I_0$ ) er:

SSB Byggekostnadsindeks for bustader – "Bustader i alt", juli 2026 (sist kjende indeks før tilbod, Juli-talet blir publisert av SSB rundt 10. august 2026.)

Kontraktssummen skal regulerast frå og med 1. november 2026.

Regulering skal gjennomførast etter formelen:

$$K_{ny} = K_{oppr} \times \frac{I_1}{I_0}$$

Der:

- $K_{oppr}$  = opprinneleg uregulert faktureringsgrunnlag for månaden (eks. mva.)
- $K_{ny}$  = regulert fakturasum for månaden
- $I_0$  = basisindeks (juli 2026)
- $I_1$  = indekstalet for den månaden regulering skal gjennomførast

Prisregulering skal skje både ved auke og reduksjon av indekstalet.

Reguleringa er symmetrisk og skal reflektera faktisk kostnadsutvikling slik den er publisert av SSB.

Regulering/fakturering gjennomførast månadleg, basert på indekstalet for utføringsmånaden. Indekstala vert publisert av SSB rundt den 10. i månaden etter føregåande periode/månad.

Fakturert beløp skal samsvara med produksjonen av materialar, arbeidstimar og eventuelle andre ytingar i utføringsmånaden. Eventuelt kan partane alternativt forhandla fram semje om ein omforendt betalingsplan for heile prosjektet.

Entreprenøren skal ved kvar regulering dokumentera:

- kva indekstmånad ( $I_1$ ) som er nytta
- referanse til SSB sitt publiserte indekstall
- nøyaktig faktureringsgrunnlag i form av materialoversikt og timeoversikt, eventuelt etter avtalt omforendt betalingsplan
- berekning av fakturasum for månaden basert på formelen over

## **2.9. Mislighald av miljøkrav**

### **2.9.1 Generelt**

Med miljøkrav er i denne kontrakten meint samtlege krav i «Kravspesifikasjon miljø», medrekna krav til avfallshandtering, avfallsreduksjon og klimagassutslepp frå byggematerialar. Miljøkrava inngår i totalentreprenøren sitt tilbod og utgjer kontraktsforpliktingar.

Ved motstrid går denne bestemmelsen framfor NS 8407, jf. rangeringa i pkt. 3.2.1.

Det vert skilt mellom mislighald av dokumentasjons- og prosesskrav og materielt mislighald. Sanksjon for same tilhøve skal berre illeggjast etter eitt av desse punkta. Byggherren vel det punktet som etter arten sin passar best.

Sanksjon vert ikkje utløyst der avviket er skriftleg førehandsgodkjent av byggherren. Dette omfattar mellom anna bruk av materiale med høgare utsleppsnivå enn tabellen der det er dokumentert at det samla klimagassutsleppet for bygget likevel vert lågare, og varer og materialar som er omfatta av unntaka for retur, direkte gjenvinning og ombruk.

### **2.9.2 Mislighald av dokumentasjons- og prosesskrav**

Følgjande vert rekna som mislighald av dokumentasjons- og prosesskrav når det ikkje er retta innan ein rimeleg frist fastsett av byggherren:

- manglande eller mangelfull avfallsplan med skriftlege rutinar for ombruk, materialgjenvinning og sortering før oppstart
- manglande utpeiking av særskild ansvarleg for oppfølging av avfallsplanen
- manglande avfallsbudsjett og tiltaksplan før oppstart
- manglande regelmessig rapportering av avfallsmengde og -type, eller manglande oppfølging og revisjon i byggemøte
- manglande klassifisering av avfall etter NS 9431 eller manglande kvittering frå godkjent mottak
- manglande digital sluttrapport med sorteringsgrad, planlagde og reelle mengder, eller manglande vedlagde kvitteringar
- manglande dokumentasjon på måloppnåing med utfylt avfallsrekneskap før overtaking
- manglande eller for sein godkjenning av EPD-dokumentasjon, det vil seie seinare enn to veker før produktet skal brukast

Byggherren skal varsle skriftleg om mislighaldet og setje ein rimeleg frist for retting. Vert tilhøvet ikkje retta innan fristen, gjeld dagmulkt etter pkt. 5.2 tredje ledd.

### **2.9.3 Materielt mislighald**

Følgjande vert rekna som materielt mislighald av miljøkrava:

- sorteringsgrad lågare enn 90 vektprosent
- manglande utsortering av lette fraksjonar som XPS og EPS
- generert avfallsmengd over 35 kg/m<sup>2</sup> BTA i byggeperioden
- bruk av materiale eller produkt med klimagassutslepp over grenseverdiane i tabellen, utan forhandsgodkjenning.

Byggherren skal gje totalentreprenøren høve til retting før konvensjonalbot etter pkt. 5.2 fjerde ledd vert endeleg fastsett. Der mangelen ikkje let seg rette fordi ytinga alt er innebygd eller

levert, kan byggherren krevje prisavslag etter NS 8407 pkt. 42.2 i staden for eller i tillegg til konvensjonalbot.

Byggherren si rett til å krevje erstatning etter NS 8407 pkt. 48 og 49 for tap som overstig ilagt dagmulkt eller konvensjonalbot, vert ikkje avgrensa av denne bestemmelsen. Gjentekne eller grove brot på miljøkrava utgjer vesentleg mislighald som gjev byggherren hevingsrett etter NS 8407 pkt. 46. Som vesentleg mislighald vert mellom anna rekna systematisk eller gjenteken bruk av materiale over utsleppsgrensene etter skriftleg åtvaring, og manglande oppnåing av sorteringsgrad eller avfallsmengd av vesentleg omfang.

#### **2.9.4 Dagmulkt ved dokumentasjons- og prosessmislighald**

Vert eit dokumentasjons- eller prosesskrav ikkje retta innan fristen byggherren har sett, løper det dagmulkt på kr 3.000 ekskl mva per kvardag per forsømt krav inntil tilhøvet er retta. Denne dagmulkta kjem i tillegg til, og er uavhengig av, dagmulkta for overtakingsfristar.

#### **2.9.5 Konvensjonalbot ved materielt mislighald**

Ved materielt mislighald kan byggherren ileggje konvensjonalbot. Konvensjonalbota skal fastsetjast på følgjande måte:

- Kwart påvist materielt mislighald fører til konvensjonalbot på kr 30.000 ekskl mva. Held mislighaldet fram, løper det i tillegg konvensjonalbot med kr 3.000 ekskl mva per kvardag inntil tilhøvet er retta, eller, der retting ikkje er mogleg, 50 dagar.

#### **2.9.6 Tak, kumulasjon og innkrevjing**

Samla dagmulkt etter pkt. 2.9.4 og konvensjonalbot etter pkt. 2.9.5 skal ikkje overstige 10 prosent av kontraktssummen. Dette taket gjeld i tillegg til dagmulktaket for overtakingsfristar etter pkt. 5.2. Påløpt dagmulkt og konvensjonalbot kan trekkjast i totalentreprenøren sitt vederlag, medrekna i avdragsnota, eller krevjast betalt innan 30 dagar etter skriftleg påkrav.

#### **2.9.7 Erstatning og heving**

Byggherren si rett til å krevje erstatning etter NS 8407 pkt. 48 og 49 for tap som overstig ilagt dagmulkt eller konvensjonalbot, vert ikkje avgrensa av denne bestemmelsen. Gjentekne eller grove brot på miljøkrava utgjer vesentleg mislighald som gjev byggherren hevingsrett etter NS 8407 pkt. 46. Som vesentleg mislighald vert mellom anna rekna systematisk eller gjenteken bruk av materiale over utsleppsgrensene etter skriftleg åtvaring, og manglande oppnåing av sorteringsgrad eller avfallsmengd av vesentleg omfang.

### **3. TEKNISKE BESTEMMELSER OG KRAV**

#### **3.1. Leveranse**

Kontrakten omfattar detaljprosjektering og utføring av eit komplett anlegg i samsvar med tekniske kravspesifikasjonar. Dette gjeld for både tilbygg, ombyggingsarbeid og

utomhusanlegg. For tilbygg og ombyggingsarbeid gjeld alt relevant arbeid innanfor det som på teikningane er definert som «tiltaksgrense».

Totalentreprenøren ber risikoen for ein komplett leveranse i samsvar med konkurransegrunnlaget. Alle totalentreprenøren sine marginar og reservar, felleskostnader, entreprisekostnader, generelle og spesielle kostnader i samsvar med NS 3453 "Spesifikasjon av kostnader i byggeprosjekt" som høyrer til eit komplett anlegg skal vere inkludert, sjølv om enkelte element ikkje er uttrykkeleg nemnt i kravspesifikasjonen.

Evt. ytingar som ikkje skal vere med i tilbodet, er spesielt nemnde i grunnlaget med nemninga "skal ikkje medtakast" eller "er tiltakshavar sitt ansvar".

Alle ytingar som tilbydar ser som naturleg å vere med i ein komplett leveranse men som han meiner ikkje er definert i konkurransegrunnlaget, pliktar han å varsle om, seinast ved innlevering av tilbodet. I motsett fall skal dette reknast som inkludert i tilbodet. Denne avgrensinga i å krevje tilleggsvederlag vil også gjelde for ytingar som tilbydar burde ha oppdaga ved gjennomgang av kravspesifikasjon.

Tiltakshavar gjer spesielt merksam på tilbydar sitt ansvar for komplett utbetring av evt. skadar på eksisterande bygningsmasse og tekniske anlegg som skuldast tilbydar sin aktivitet.

## **3.2. Generelle funksjonskrav**

Prosjektet skal løysast i samsvar med konkurransegrunnlaget.

Det er ikkje utarbeidd romprogram, men programmet, dvs TH sine krav til rom-funksjonelle løysingar som t.d. storleik, innbyrdes romplassering, møbleringsløysing, lysinnslepp etc, er definert på vedlagte teikningar. Teikningane er slik å forstå som «endelege» og kan kunn endrast etter avtale med TH.

### **3.2.1 Lover, forskrifter og relevante rettleiarar og norske standardar**

Det vert vist spesielt til:

- Arbeidsmiljølova og rettleiar nr 512 om arbeidsmiljø, samtykke frå Arbeidstilsynet
- Rammeløyve
- NS 11001 Universell utforming, NBI 220.300
- Plan og bygningslova
- TEK17, med rettleiar
- NBI relevante Byggdetaljblad
- Våtromsnorm
- Varmenorm
- Temarettleilarar
- Håndbok Rent og tørt bygg
- Aktuelle NS / EN-NS
- NEK 400
- m.fl. jfr fagkapittel, etc.

### **3.3. Teiknings- og prosjekteringsgrunnlaget**

Det er tilbydar si oppgåve å utføre prosjekteringa slik at ein sikrar eit funksjonelt og framtidretta anlegg med høg arkitektonisk og teknisk kvalitet. Prosjektet skal ha god tilpassing og overgangsdetaljar til eksisterande bygningsdeler og tekniske anlegg.

Vedlagte teikningar er godkjente av tiltakshavar som grunnlag for utarbeiding av produksjonsteikningar.

Dersom tilbydar finn andre løysingar meir formålstenlege enn det som er beskrive eller teikna, skal dette framleggast for avklaring/ godkjenning av TH minimum 14 dagar før evt. endring og utføring kan skje.

Vidare utvikling av prosjektet, dvs normal bearbeiding av arkitektonisk, funksjonell og teknisk karakter for å utvikle prosjektet fram til arbeidsteikningsnivå (produksjon) og vidare oppfølging og justering/ supplering av teikningar/ spesifikasjonar i byggetida, må påreknast i tråd med normal, fagmessig sedvane.

Kommunen er oppteken av kvalitet på prosjekteringstenestene og at det blir sett av tilstrekkeleg tid og kapasitet til god detaljprosjektering. Tilbydar må sikre at produksjonssgrunnlaget blir ferdigstilt i god tid i forhold til utføring av arbeidet på byggeplass. Sjå også pkt. 4.4 som beskriv overordna krav til gjennomføring av prosjektering.

ARK-teikningar av eksisterande bygning/ situasjon fylgjer vedlagt jf. vedlegg.

Tilbydar får utlevert pdf-filer, dwg-filer og ifc-filer som underlag for vidare prosjektering.

Tilbydar får også tilgang til ein laser-scan (punktskymodell) av eksisterande skule.

### **3.4. Tilkomst og byggeområde generelt**

Lærdalsøyri skule har tilkomst for både gåande, syklende, bilar og bussar.

Byggeområdet består av 2 riggområde, ved Fløy A og Fløy F, og begge desse er relativt trange. I desse fløyane må det spesielt tilpassast/ avtalast byggegjerde/ sikring undervegs med PL/ skulen.

Personalet ved skulen kjem ikkje til å parkere ved skulen i byggeperioden. Bortsett frå 6 merka p-plassar på baksida av skulen som er tenkt nytta til gjester ved skulen, kan TE pårekrne å nytte dette området etter nærare avtale.

Bygginga skal i minst muleg grad forstyrre drift og bruk av skulen og/ eller aktivitet utomhus, og det skal utvisast særskild aktsemd for tryggleiken.

### **3.5. Rigg og drift**

Totalentreprenøren skal gjere seg kjend på arbeidsstaden og skaffe til vegs naudsynte opplysningar som har betydning for økonomi, framdrift eller på annan måte har betydning for tilbudsutforminga.

Totalentreprenøren er ansvarleg for alle felles rigg- og driftsytingar i prosjektet.

Alle rigg-, drifts- og byggjeplassarrangement som er naudsynte for å gjennomføre eigne arbeid, skal prissetjast.

Vedlagt Riggplan (A-2607.30.100 Situasjon\_rigg) viser kva for område som kan nyttast som riggområde. Plassering av brakkerigg etc. skal på førehand avtalast med byggherren. Det same gjeld for parkeringsplassar og lagerplass. Det skal etablerast byggeplassgjerd som avgrensar anleggsområdet. Portar skal kunne avlåsast. Inngjerdingen skal sikre at uvedkomande ikkje kjem inn på anleggsområdet.

Totalentreprenør får tilgang til bygg som skal rehabiliterast. Totalentreprenør kan utnytte eksisterande bygg til rigg og lagringsplass, slik entreprenør sjølv ser det føremålstenleg, så lenge det ikkje er til hinder for verksemda elles i bygget.

Totalentreprenør kan tilknytte eksisterande leidningsnett for vatn, avløp og EL, og står ansvarleg for drift og vedlikehald av eigne installasjonar i heile byggetida. Totalentreprenør kan hente straum frå eksisterande tavler. TH betalar for byggestraumen.

Totalentreprenør har spesielt ansvar for brannsikring der byggeplass grensar mot del av bygget som er i drift i byggeperioden. Kfr også notat RIBR, Vedlegg under BR-Brannvurdering.

Avfallscontainerar skal plasserast på riggområda.

Etter avslutta arbeid skal riggplassen tilbakeførast til slik det var før tilrigging. Oppryddingsarbeid, reparasjon av overflater, grasplen, asfalt o.l skal vere inkludert.

Totalentreprenør skal planlegge sine arbeid med detaljert fremdriftsplanlegging, og vere villig til å samarbeide med TH og skulen, slik at tiltaket let seg gjennomføre på best mogeleg måte.

Byggeområde/ riggområde skal ikkje vesentleg forstyrre drift og bruk av skulen. Evt mindre forstyringar skal koordinerast og avtalast med TH på førehand.

Riggplan :

- Avklaring av omfang-/ tilkomst til byggeområde.
- Avklaring av tilkomst til alle inngangar/ rømming frå skulen (skal vere i bruk i heile byggeperioden).
- Rømmingsdør for hallen som går ut mot riggområde må holdast fri for hindringar og kunne brukast til rømming under heile byggeperioden. Det er ikkje støypt plate under bod bak idrettshallen; forutset vekkheising av bod til ny mellombels lokasjon i byggeperioden.
- Totalentreprenør kan ikkje pårekne å få dekke heile parkeringsbehovet sitt innanfor skuleområdet. Totalentreprenør får det som er disponibelt. Tiltakshavar stiller til disposisjon ein del av parkeringsplassen nord for bygget for bruk under byggeperioden (parkering/rigg/drift). Nøyaktig omfang og bruk må avtalast med tiltakshavar.

Reint og tørt bygg (RTB) :

Prosjektet skal gjennomførast i samsvar med hovudprinsippa i handboka "Rent, tørt bygg" (RIF-handbok). Ein føreset at TE har nødvendig kjennskap til begrep og målsetjingar slik dei kjem fram i handboka. Denne vil verte brukt som tolkingsgrunnlag ved evt. diskusjonar om kvalitetsnivå og arbeidsomfang.

Det skal i samsvar med "RIF- handbok 2017" utarbeidast eigen plan for RTB for gjennomføringa som viser mellom anna;

- Organisering av riggområdet med lagerplass for alle UE,
- Logistikk for transport av materiell inn i bygget,
- RTB- soneinndeling med plassering av arbeidsrom i byggefasen,
- Handtering av avfall med sortering i minimum 5 fraksjonar.
- RTB- gjennomføringa skal planleggjast med teikningar og beskriving for gjennomføring som viser ansvar mellom TE og UE i totalentreprisen.

Det er eit overordna mål at bygget ved overlevering skal holde avtalt kvalitet. Reinholdskvaliteten skal målast av entreprenør ved hjelp av måleapparat (BM Dustdetector) og beskrivne prosedyrar.

Utbygginga kan føre til tiltak i samband med omlegging av diverse røyr og leidningar som ligg innafor tomteområdet. For oversikt over elektro- og vvs anlegg i grunnen, kfr også fagbeskrivelsar. For underlag ut over dette må totalentreprenør sjølv kontakte kommunen e.a. for det som måtte finnast av infrastruktur.

### **3.6. Skulen i byggeperioden**

Det skal utførast bygging i eksisterande bygg på ulike stader. Nokre tekniske anlegg er felles, og nye anlegg må implementerast på ein måte som går minimalt utover dagens bruk ved samankopling.

Både Lærdalsøyri skule, idrettshallen og utomhusområdet kan vere i full bruk på dag- og kveldstid (utanfor tiltaksgrensene).

Tilbydar skal levere ein provisoriske brakkerigg til bruk for lærarar, og det er krav om at denne kjem raskt på plass.

Det vert spesielt gjort merknad om at Fløy E vil vere i bruk i heile byggeperioden, og planlagt arbeid i dette området må difor skje i skulen sin sommarferie/ andre skuleferiar. Dette gjeld arbeid med toalettkerne E-106, E105, E103, avløp i garderobe i første etasje E-111 og arbeidsrom i første etasje E-104 som må utførast i skuleferie.

Korridor til fløy F E-201, E-205, E-203, E-204 og klasserom E-202 i plan 2 står entreprenør fritt til å utføre i heile byggeperioden.

Det er ein føresetnad at utbygginga vert gjennomført på ein slik måte at drifta av Lærdalsøyri skule kan føregå mest mogeleg normalt. Tilbydar vert beden om å lage plan for dette, og TE

skal ta høgde for at spesielt tryggleik for barn/ tilsette, parkering, tilkomst, rømming, og uteområde kan fungere på ein tilfredsstillande måte i byggeperioden.

Riving og/ eller ombygging av eksisterande konstruksjonar/ areal må planleggast og gjennomførast på ein skånsom måte og med ei tidsstyring som tek omsyn til tryggleiken fullt ut. Evt. arbeidstid som medfører ulempe skal avklarast med TH. Det må takast særskild omsyn til sikkerheit, støv, støy og rømmingsforhold etc. ved rivingsarbeid.

Det vert vist til pkt 5.3 framdriftsplanlegging og 3.7 Mellombels skule.

### **3.7. Mellombels skule**

Totalentreprenøren skal levere 3 stk brakker til undervising som skal leverast og plasserast i tråd med teikning. Brakkene skal innehalde 4 kontor og eit møterom. Brakkene skal leverast med straum, lys, balansert ventilasjon, varme og internett og nødvendig brannsikring, men ikkje vatn/ avløp. Det skal etablerast godkjent UU- inngang til brakkene. Internett og straum kan hentast frå skulen om lag ved lasterampe, men dei må leggast i trekkerøyr av entreprenør.

I tillegg skal det etablerast rømmingsdør frå eit klasserom på plan 1 Fløy E (V-W/17). Toaletta på plan 1 (U-V/17) skal nyttast som mellombels toalett for lærarar i byggeperioden. Desse toaletta skal seinare byggast om, og tidsaspektet for tilkomst og gjennomføring skal koordinerast med PL/ skulen.

Prinsipp for riggplan og løysingar for mellombels skule i byggeperioden fylgjer vedlagt, jf. teikningsliste.

### **3.8. Arkitektur generelt**

Byggherre ynskjer gode arkitektoniske løysingar basert på dei behova kravspesifikasjonen framstiller. Målsettinga er funksjonelle plan-, form- og romkvalitetar og vedlikehaldsvennlige materialval med høg kvalitet. Anlegget må stå fram som eit heilheitleg utforma anlegg og godt tilpassa eksisterande bygningsmasse.

Det vert vist til ARK- teikningar og Bok 2.

### **3.9. Teikningsgrunnlag generelt**

Prosjektet omfattar arbeid som er vist med tiltaksgrenser innanfor totalt 3 tiltakssoner på plan 1 og 2 tiltakssoner på plan 2. Tiltakssonene på plan 1 er vist på teikning nr 2607.30.103-1 og på plan 2 på teikning nr 2607.30.103-2.

### **3.10. Materialkvalitet/fargar generelt**

Alle bygningsdeler, produkt og materialar skal vere ferdig overflatebehandla til komplett utføring, sjølv om det evt. for enkeltprodukt ikkje er nemnt kva overflatebehandling det skal vere. Der det i beskrivelsen ikkje er eintydig nemnt kva behandling/ overflate som er forutsatt, er dette TE sitt val. Tilbydar skal likevel innhente godkjenning frå TH før bestilling/ utføring.

### **3.11. Akustikk generelt**

Det blir stilt spesielt strenge krav til lydreduksjon og akustisk regulering av romma i kulturskulen. Kravsspekk for lyd er utarbeida av Norconsult Voss, sjå Vedlegg under F-7.9.

### **3.12. Innreiing generelt**

All fast innreiing som kjøkken, garderober etc. skal vere inkludert i tilbodet. Laust inventar og utstyr er ikkje ein del av leveransen.

Møbleringsteikningar vedlagt skal leggjast til grunn for plassering av lys og elektrisk utstyr (0-Bok 4).

### **3.13. Grunnforhold**

Nytt tilbygg F:

Det er ikkje gjort grunnundersøking av område for nytt tilbygg F. Byggeområdet ligg i aktsomheitssone for kvikkleire, jf. NVE Atlas. Lausmassar i grunnen i området er i følgje NGU sin kartdatabase elv- og bekkeavsetning, dvs materiale som er transportert og avsett av elvar og bekkar. Sortert sand og grus dominerer og partiklane er ofte godt avrunda. Avsetningane kan ha svært varierende mektigheit.

Dersom det er behov for meir utfyllande opplysingar må tilbydar sjølv skaffa desse. Totalentreprenør er fullt ut ansvarleg for prosjektering, innhenting av naudsynte tilleggsopplysningar, fundamenteringsmetode, eventuelle eksisterande leidningar i grunnen, handtering av overflatevatn og vatn i grunnen, m.v.

Øvrige tomteområde :

Forutan nytt tilbygg F omfattar den bygningsmessige delen av tiltaket stort sett ombygging og rehabilitering av eksisterande bygningsmasse. Arbeid innomhus og på utvendige fasadar medfører i seg sjølv ikkje behov for å vurdere grunntilhøva.

Når det gjeld utomhusanlegg vil grunntilhøva kunne ha betydning for val av løysingar og arbeidsmetodar. Basert på NVE Atlas og NGU sin kartdatabase er grunntilhøva på heile tomte slik som beskrive for nytt tilbygg F.

### **3.14. Bygningsmessig arbeid**

#### **3.14.1 Konstruksjonar og overflater**

I alle område innafor prosjektet si tiltaksgrense gjeld det at alle overflater og konstruksjonar (golv, vegger, himling, tak m.m.) kvalitetsmessig skal tilpassast ny bruk av det enkelte rom. Eksempelvis skal eit rom som tidlegare til dømes har vore klasserom og som får ny funksjon som til dømes musikkrom tilpassast den nye bruken ved at eksisterande konstruksjonar og overflater vert bygd om for å stetta nye funksjonskrav.

Med unntak av løysingar som vert tydeleg spesifisert i konkurransegrunnlaget er det også eit krav at eit konstruksjonselement (golv, vegger, himling, tak m.m.) skal vere einsarta etter ombygging. Eksempelvis kan eit oppfora tregolv ikkje kombinerast med påstøyp innafor eitt og same rom. All slik ombygging nemnt her skal kvalitetsmessig tilfredsstillast dagens gjeldande regelverk med unntak av der det i tilbodsgrunnlaget er spesifisert fråvik frå TEK 17.

#### **3.14.2 Tilfredsstilling jfr TEK17**

I alle område innafor prosjektet si tiltaksgrense gjeld at TEK17 skal tilfredsstillast med følgjande unntak :

- Golvkonstruksjon fløy A (sjå Bok 2 post 200/210)
- Kuldebruer fløy A (sjå Bok 2 post 230)
- Isolasjon i veggjar fløy A (sjå Bok 2 post 232)

Fløy E skal ha nye energivindu på del av eine fasaden, men skal elles ikkje fløy E oppgraderast for energi i ytterveggjar, dekke og tak.

Energjevaluering skal gjennomførast i Fløy A jf. ovanfornekte forutsetnader. Energjevaluering for Fløy F er utført av RIV omsynsteke av ARK.

### **3.15. Bygningsmessig arbeid ARK og RIB**

Bygningsmessig tilstand for Lærdalsøyri skule er vurdert i tilstandsanalyse på nivå 1 av 18.12.24. Utdrag frå konklusjonen i denne rapporten seier at det ikkje vart registrert alvorlege manglar knytt til bygningsmessige konstruksjonar. Heller ikkje kommunen som byggeigar har registrert alvorlege skadeindikasjonar.

Det skal førast opp eit nytt tilbygg i nord-austre del av skulebygget, nærmare bestemt «Fløy F» (akse X-Z/14-16). På bakgrunn av føringar frå NVE om flaumfare er tilbygget sine funksjonar plassert i plan 2. Tilbygget er ut frå dette planlagt utført med hovudberekonstruksjon av plasstøyp betongdekke som kviler på synlege betongsøyler i plan 1 med tilhøyrande fundament under terrengnivå. Det er også medteke avstivande veggjar i plan 1 (ute) som sikrar tilbygget sin stabilitet.

Arealet i plan 1 under tilbygget er planlagt nytta som uteareal for elevar, jmf. utomhusplan. Berekonstruksjonar i plan 2 med tilhøyrande yttertak er planlagt utført i trekonstruksjonar.

«Fløy A» skal totalrehabiliterast. Eksisterande golvkonstruksjon er golv på grunn, prinsipielt bygd opp med grovstøyp, isolasjon og påstøyp som underlag for overflatebelegg. I nokre rom er det isolert påføring i tre over påstøypen. Isolasjonstykkelsen er stort sett 10 cm men i nokre mindre områder 5 cm. Nivå ferdig påstøyp er lågare der det er påføring i tre over golvstøypen. ARK-teikningar syner i grove trekk oppbygging av eksisterande golv slik dette er vist på gamle byggeteikningar.

Når det gjeld andre praktiske og kvalitetsmessige aspekt ved golvkonstruksjonen peikar vi på at det vil vere naudsynt med til dels omfattande riving for å bygga om og etablera VA-føringar i grunnen, samt at lydkrav til nye skiljande vegger vil medføre behov for splitting av golvstøypen. Lyd er styrande for detaljering av tilslutningar mellom vegger og golv/ tak. Viser her til lyd-/ akustikkrapport frå Norconsult Voss.

Også riving av eksisterande veggar som går ned til fundamentsåle under golvstøypen vil medføre splitta betong som må utbetrast. Kan i denne samanhengen ikkje utelukka høgdeskilnad på golvstøypen i rom på ulik side av vegger som skal rivast.

Ut frå dette må det påreknast relativt omfattande arbeid med golvkonstruksjonen for å gjennomføre ombyggingsarbeidet med akseptabelt sluttresultat for ferdig golv.

TH har funne det akseptert at TEK17 sitt energikrav for golvet i Fløy A ikkje vert oppnådd. Dagens innlagte isolasjon i golvet er ut frå dette vurdert tilfredsstillande reint energimessig.

Det er planlagt omfattande oppgraderingstiltak på del av utomhusområdet. Ny opparbeiding skal sikra funksjon og kvalitet etter dagens retningslinjer og krav.

Supplerande tilbodsokument i form av beskrivingar og teikningar gjev utfyllande informasjon og spesifiserer krav til utføring og sluttresultat.

### **3.16. VVS- tekniske anlegg**

I Fløy A blir det totalrehabilitering av VVS-anlegg. Nytt ventilasjonsaggregat i teknisk rom i plan 2. Komplette og nytt sanitæranlegg i rom med nye sanitærinstallasjonar. Det leggst nye botnleidningar for spillvatn for å etablere nye toalettrom. Radiatorvarme i alle areal. Ein skal her knyte seg til eksisterande radiatorrør som er lagt fram til fløyen.

Det etablerast 1 stk. lite ventilasjonsaggregat for ventilasjon av 2 stk. nye grupperom og eksisterande klasserom 10.klasse i fløy D.

I plan 2 (skuledel) for Lærdalshallen skal det byggast om til garderobe/gang der det i dag er meir lukka med garderobe og grupperom. Det skal etablerast nytt rom for HCWC med nye sanitærrør. Noko omarbeiding av radiatoranlegg og ventilasjon i området. Det blir nokre utbetringar av ventilasjon i eksisterande klasserom, sjå beskriving VVS. Det skal bli nytt WC og HCWC i plan 1 der det i dag er WC og garderobe.

I Fløy F (tilbygg plan 2) skal det leverast nytt ventilasjonsaggregat for ventilasjon av denne delen. Nye WC-rom med vatn og avløp. Radiatorvarme for areal i fløy F.

Noko arbeid med utvendig VA, det leggst fram til 1 stk. ny brannhydrant og nye sandfangskummar i uteområdet.

### **3.17. Elektrotekniske anlegg**


Fløy A - All installasjon i denne delen blir ny då det vil bli store bygningsmessige endringar. Framføringar til denne delen blir forsøkt beholdt.

Det skal monterast løfteplattform frå plan 1 til 2.

Fløy F er ny og der det skal byggast eit nytt personal-området i 2 etg, så i dette området vil installasjonen bli ny. Den vil bli ein del av installasjonen som i dag dekker området ved idrettshallen som er «småskule» og SFO-avdeling. Det vil også bli noko tilpassing/supplering i tilstøytane korridor i 2 etg som ligg i fløy E. I 1 etg av fløy E vil det bli ombygging av ein eksisterande garderobe til WC til HCWC og WC, som også vil utløyse noko justering og tilpassing av eksisterande anlegg.

### **3.18. Utomhusanlegg**

Lærdalsøyri skule ligg sentralt i Lærdal, med Lærdalselvi i nord, bustadområde i vest, idrettsanlegg i aust og Skulevegen i sør. Nærleiken til eksisterande beplantning i nord og vest utgjør ein kvalitet som bør takast vare på og integrerast i ny utforming av uteområdet. Utomhusanlegget omfattar terrenget nærast skulen og skal innehalde aktivitetar som også kan brukast utanom skuletid, som til dømes nærmiljøanlegg. Området i aust vist på planen er ikkje omfatta av konkurransegrunnlaget. Sjå omfang jf illustrasjonsplan nedanfor.



Illustrasjon: Området markert i raudt viser konkurransegrunnet

### 3.19. Brannteknikk

Midlertidig brakkerigg i brannklasse 1, med R30 bæring og EI30 brannskiller på enkelte bygningsdeler grunnet nærhet til eksisterende lagerbygning. Riggen løses som en felles branncelle, men direkte utgang til det fri. I bygget må det minimum være serie- og nettilkoblede røykvarslere, utgangsdør må merkes med rømningskilt, og det må være tilgang til egen håndslukkeapparat i bygget.

Ombygde areal i fløy A defineres i brannklasse 1, med R30 bæring og EI30 brannskiller mellom rom/samling av rom med ulik bruk. Eksisterende brannvegger i bygget skal ikke endres. Rømningsmessig løses de ombygde arealene med utgang direkte til det fri fra branncellen, evt. med flere rømningsalternativer. I alle ombygde areal skal det være heldekkende brannalarmanlegg (kat. 2), tilknyttes fellesvarsling i resten av bygget.

Tilbygg og ombygde areal i fløy F defineres i brannklasse 1, men med økt krav til R60 bæring (reduisert bæring for tak enkelte steder) og økt krav til EI60 brannskiller i samsvar med eksisterende brannkonsept. Eksisterende interntropp skilles ut som rømningsvei (egen branncelle), og utgang må skjermes særskilt. Rømningsmessig løses tilbygg med flere rømningsalternativer (trapp og vindu). I tilbygg og alle ombygde areal skal det være heldekkende brannalarmanlegg (kat. 2), tilknyttes fellesvarsling i resten av bygget.

(Sjå Brannteknisk vurdering, Vedlegg BR-Brannvurdering)

### 3.20. Miljøsanering

Det er utført miljøsaneringsbeskrivelse, sjå Vedlegg F-7.6.

Presisering jf. side 4 i rapporten :

*«Det vart tatt fleire nye supplerande prøver for analyse av asbest. Ingen nye funn vart gjort, sjå vedlagt analyserapporter frå ALS. Det vart heller ikkje observert asbestholdig materiale i aktuelt område eller i andre områder som vart klartlagt. Som omtala i rapporten skal utførande saneringsfirma likevel vere observant i forbindelse med rive og saneringsarbeidet, og stoppe opp og ev varsle om ein finn materiale som ein trur kan inneholde miljøgifter - og som her asbest. Tiltakshavar må uti frå ei samla vurdering bestemme om det skal gjennomførast asbestsanering i det aktuelle området.»*

TE kan i sin kalkulasjon pårekne at det ikkje er asbestholdig lim i golvbelegget i Fløy A.

### 3.21. Akustikk

Sjå akustikkrapport frå Norconsult Voss, Vedlegg F-7.9.

Føringane som blir definert i akustikkrapporten skal implementerast i prosjektering og utføring alle fag slik rapporten forutset.

### 3.22. Dokumentasjon

TE skal levere komplett dokumentasjon på anlegget, inkludert alle nye/ ombygde/ eksisterande areal/ bygningar og utomhusanlegg. Dokumentasjonen skal minst vere i samsvar med RIF sine retningslinjer, supplert med utfyllande dokumentasjonskrav i fagkapitla.

TE skal levere fylgjande dokumentasjon/ sluttdokumentasjon for bygningsmessige anlegg, tekniske fag og utomhusanlegg innan overtaking:

1. Dokumentasjon fastsett i NS 8407
2. All dokumentasjon som PBL m/ forskrifter krev framlagt i samband med byggesakshandsaminga.
3. Komplette statiske berekningar med lastføresetnader for nye, berande konstruksjonar.
4. Kopi av alle søknader til det offentlege og offentlege godkjenningar, bruks-løyve og ferdigattestar.
5. Kopi av evt kontrollplanar og samsvarserklæringar for prosjektering og utføring for alle fag.
6. Sjekklister som vert nytta i samband med kontrollplanane skal leggjast fram på førespurnad.
7. Komplett dokumentasjon (teikningar, skjema, spesifikasjonar og annan dokumentasjon oppgitt i kapitla for tekniske fag m.v.) for alle prosjekteringsområde på detaljprosjektnivå "som bygd" for alle fag som entreprenøren er ansvarleg for.
8. Alt teikningsmateriell skal ha totalentreprenøren sitt tittelfelt, i tillegg til arkitekt og/eller fagkonsulenten eller underentreprenøren sitt tittelfelt.

9. Komplette beskrivelse av bygningsmessige anlegg og tekniske installasjonar som viser korleis alle bygningsdeler og tekniske anlegg er oppbygde m.o.t. materialar, dimensjonar, materiell og utstyr.  
Produsentar og leverandørar skal oppgjevast og det skal leverast brosjyrer og tekniske datablad der dette er relevant i samband med drift og vedlikehald.  
Samlebrosjyrer skal ikkje nyttast.
10. Måle- og innreguleringsrapportar m.m. for tekniske anlegg.
11. Drifts- og vedlikehaldsinstruks (FDV) for anlegget etter NS 8407.
12. Dokumentasjonen skal minst vere på nivå med RIFsin FDV- norm, siste utgåve.
13. Alt teikningsmateriell og skjema skal vere utarbeidd digitalt (dwg, pdf) på programvare som er vanleg nytta innanfor faget. Teiknefiler skal leverast "som bygd"- med laginndeling i samsvar med NS 8351.
14. Alt utstyr skal merkast, både fysisk og på teikningane.
15. Energimerke og beregningsfil for energimerke.
16. Alt skriftleg materiale (tekst) skal leverast i digitalt format.
17. Alt teikningsmateriell, beskrivelsar og øvrig dokumentasjon skal leverast i 2 eksemplar innbundne i solide ringpermar A4 merka med prosjektnamn og innhald og på PDF- format, merka tilsvarande.
18. Totalentreprenøren skal levera 3 sett komplett branndokumentasjon for bygningen. Tiltakshavar utarbeider sjølv instruks for innsetjing i permar.  
I tillegg skal entreprenøren utarbeide og montere alle oppslag i samband med rømmingsplanar m.m.
19. Tiltakshavar skal ved overlevering få rett til å nytte det digitale grunnlaget (dwg) til eige føremål.
20. Totalentreprenøren skal utarbeide detaljert leveranseplan for FDV dokumentasjon for prosjektet, med datoar for løpande leveranse til TH/ drift-system. Leveringsplanen skal tilpassast tiltakshaver sitt system for FDV- drift, og leveringstidspunkt skal vere i samsvar med framdriftsplanen for gjennomføring og godkjent av tiltakshavar.
21. For dei ulike beleggtypane skal FDV- dokumentasjon vere vedlagt med tekniske data, innhaldsdeklarasjon, emisjonstest, branntest og reinhaldsrettleiar.  
All tekst i dokumentasjonen skal vere på norsk.
22. Fargekodar, dører, vindauge, veggjar, himling, listverk, utv. kledning.

Tiltakshavar kan i tillegg kva tid som helst i byggeprosessen krevje ytterlegare dokumentasjon dersom han finn dette nødvendig.

Dokumentasjonen skal godkjennast av tiltakshavar. Manglande dokumentasjon vert rekna som vesentleg mangel i samband med overtaking.

### **3.23. Prøvedrift**

Frist for overlevering av tekniske anlegg til prøvedrift er same som overlevering av kontraksarbeidet.

1. Overlevering til prøvedrift;
  - Anlegga skal ved overlevering til prøvedrift vere komplett ferdige og innregulerte for bruk.

- All utsjekking, sjekklister etc skal vere utførte med lukking av alle avvik ved overlevering til prøvedrifta.
- 2. Krav til gjennomføring av prøvedrifta;
  - Denne tida skal ikkje nyttast til å gjere anlegga «ferdige», men skal vere overvåking, loggføring og evt justeringar av ferdige anlegg.

Prøvedrifta har følgjande føremål :

- Avdekka evt. feil eller manglar som kan oppstå ved drift, både fysiske og driftsmessige tilhøve som t.d. lekkasjar og kapasitetsendringar.
- Etterkontrollere og justere funksjonar basert på driftserfaring.
- Gi driftsansvarlege ytterlegare kunnskap om anlegga.
- Retta feil og manglar, inkludert undersøke og luke vekk urealistiske verdier i styringssystema.

TE skal i denne perioden optimalisere energi og effekt. I prøvedriftsperioden skal det også dokumenterast at tilfredsstillande inneklima vert oppnådd.

TE skal i utgangspunktet møte med same person som var ansvarleg i byggetida (stadleg ingeniør i byggetida). Ved kritiske alarmer kan ein annan person møte dersom ikkje oppgjeven ansvarleg person ikkje er til stades.

Feilsøking ligg til totalentreprenør. Det er ikkje tiltakshavar sitt ansvar å peike på om feil ligg på automatikk, ventilasjon, elektro, røyr etc. Ved kvart besøk skal alle anlegg og viktige komponentar belastast/ køyrast i ulike driftsmodus. Alle krav til funksjon, nøyaktigheit, temperaturar og lydnivå skal sjekkast og dokumenterast. Alle hendingar eller alarmer på anlegget i "siste periode" skal gjennomgåast og feilretting/ justering skal føretakast.

Funksjonar tilknytta SD- anlegg skal sjekkast saman med automatikkentreprenør. Denne entreprenøren skal utarbeide sjekklister for prøvedrift og leggje den fram for tiltakshavar til godkjenning ved igangkøyring av anlegget.

### **3.24. Opplæring**

Samla og detaljert opplæringsplan for alle fag skal utarbeidast i god tid før ferdigstilling og skal godkjennast av tiltakshavar. Opplæring skal inkludere min. 3 møte a 2 timar. Opplæring av driftspersonell skal gjennomførast i prøvedriftsperioden slik at driftspersonellet får kunnskap om evt. innkøyringsproblem, i tillegg til at dei kan drifta anlegget straks på ein korrekt og økonomisk forsvarleg måte.

### **3.25. Kvalitetssikring**

TE skal utarbeide følgjande overordna dokument/ planar for kvalitetssikring av gjennomføringa av prosjektet (kvalitetsplan) ;

- Konstruksjonsbasis/ designbasis for gjennomføring av prosjektering og utføring.
  - Leveranseplan for prosjektering
  - Overordna kontrollplan for utføring i byggefase;
  - Kontrollplan for alle fag med tilhøyrande tilpassa sjekklister for løpande kontroll av utføring.
  - System for avvikshandtering med registrering av KS- avvik og lukking av avvik.
- Systemet skal utarbeidast i prosjekteringsfasen og framleggjast for tiltakshaver for kommentar.

## **4. KRAV TIL BYGGEPROSESSEN**

### **4.1. Ansvar etter PBL**

Totalentreprenøren skal søke og få godkjenning for alle funksjonar om ansvarsrett etter PBL for heile prosjektet og syte for alle søknader til alle offentlege myndigheiter.

Evt foretak for uavhengig kontroll skal oppnemnst og kostast av tiltakshavar, men TE kan kome med forslag.

Gjennomføringsplan skal løpande og detaljert vise ansvarsfordelinga i byggesaka.

### **4.2. OFFENTLEG GODKJENNING**

#### **4.2.1 Reguleringsplan**

Tiltaket ligg innanfor «Reguleringsføresegner for skule- og sentralidrettsanlegg, Lærdal kommune» med ikrafttredelsesdato 10.09.1981 med formål offentlege føremål.

#### **4.2.2 Dispensasjon frå reguleringsplan**

Det er ikkje trong for reguleringsending eller dispensasjon.

#### **4.2.3 Rammeløyve og vidare søknader**

##### **4.2.3.1 Søknad og rammeløyve av 10.11.2025**

Fløy A og E :

Arbeida er i søknad, løyve og konkurransegrunnlag definert som ombyggings-/ reparasjonsarbeid (ikkje hovudombygging). Dette betyr at krava i TEK17 er tilfredsstilt så langt det har vore praktisk mogeleg, men med nokre unntak, jfr spesifikasjonar i Bok 2 og teikningar.

Sjå vilkår i rammeløyve vedlegg F-7.5 A og Bok 2 og Bok 4.

Fløy F :

Arbeida er i søknad, løyve og konkurransegrunnlag definert som nybygg og skal førast opp fullt ut i samsvar med krava i TEK17.

I rammesøknaden er Arkitektkontoret A38 ansvarleg SØK og ansvarleg PRO for Arkitekturprosjektering. Det føreligg også samtykke frå Arbeidstilsynet. Rammeløyve og samtykke og etterkontroll frå Arbeidstilsynet fylgjer vedlagt; F-7.5 og F-7.3 og F-7.4.

#### **4.2.3.2 Komplettering av rammeløyve**

Vilkår gjeve i rammeløyve av 10.11.2025 :

Vilkår:

1. Det må føreligge samtykke frå Arbeidstilsynet før vi kan gje igangsetjingsløyve
2. Det må føreligge uttale frå Barnerepresentanten før vi kan gje igangsetjingsløyve
3. Flaumsonevurderingane og tiltaka må reviderast og tilpassast 200-års flaum med klimapåslag til søknad om igangsetjing.

I tillegg ber vi om at miljøkartleggingsrapport vert lagt ved søknad om igangsetjingsløyve.

Vilkåra er no oppfylt jf vedlegg F-7.5 C.

Vedlegg F-7.5 A = opprinneleg rammeløyve

Vedlegg F-7.5 B = endring av rammeløyve (mellombels kontorbrakke og søppelhus)

Vedlegg F-7.5 C = stadfesting på oppfylling av vilkår i rammeløyve

#### **4.2.3.3 Ny endring av rammeløyve**

Endring av rammeløyve vdr :

- tiltak med oppføring av søppelhus har utgått frå konk.grunnlag
- endring av Fløy F med redusert storleik, planløyving og form
- tiltak i Fløy B, C og D har utgått
- del av tiltak med utomhusplan mot nord har utgått

Desse fire kulepunkta vert søkt endra av tiltakshavar før byggestart.

#### **4.2.3.4 Søknadsprosess som TE overtek**

Tilbydar er ansvarleg for å overta all detaljprosjektering og utføring, og skal førestå alle vidare søknader frå og med IG, mellombels arbeidsplass, bruksløyve, ferdigattest.

#### **4.2.4 Uavhengig kontroll**

TH vil i detaljprosjekteringsfasen engasjere alle lovpålagde funksjonar for uavhengig kontroll som er naudsynte for prosjektet.

Hovedfunksjonane er :

- Uavhengig kontroll for brannsikkerheit
- Uavhengig kontroll for konstruksjonssikkerheit

#### **4.3. Prosjekteringsgruppe**

Prosjekteringa skal organiserast med prosjekteringsleiing (PGL) og ansvarleg prosjekterande (PRO) for alle fag. Det skal leggast vekt på tverrfagleg godt samarbeid med gode rutinar for utveksling av informasjon, koordinering og kontroll.

#### **4.4. Prosjektering**

All vidare prosjektering etter tilbods konkurransen skal vere basert på prinsippa frå konkurransegrunnlaget, evt korrigert for krav frå offentlege myndigheiter, lover, reglar, Norske standardar etc.

Før utføring skal detaljprosjektet med teikningar, utrekningar, opplysingar om løysingar, beskrivelsar og produktval etc. visa korleis anlegget er tenkt løyst og leggast fram for tiltakshavar.

Ved prosjekteringa skal det velgast gunstige og sikre systemløyningar for energi-, miljø-, drift og vedlikehald. Ut frå dette skal det velgast materiell, utstyr, komponentar og utførelse. Det er entreprenøren sitt ansvar å prosjektere og utføre eit bruksklart, komplett anlegg iht. funksjonskrava.

Det vert presisert at tiltakshavar skal ha høve til å fylgje prosjekteringsprosessen (via byggeherremøte) for å kunne fange opp evt. avvik/ endringar. Det er TE sitt ansvar at dei prosjekterte løysingane vert lagde fram for tiltakshavar for evt. kommentarar i god tid før utføring.

I detaljprosjekteringsfasen skal alle teikningar, utrekningar m.v. leverast til tiltakshavaren i pdf format.

Det skal utarbeidast eit 3-sifra system for romnummerering med bokstav for bygningsfløy som bygger vidare på dei eksisterande romnummera. Utkast er vist på vedlagte planar og romskjema. Dette gjeld spesielt Fløy A, E og F. (Mindre tilpassingar i dei andre fløyene må tilpassast eksisterande system).

## **4.5. Teikningsutveksling**

Det skal opprettast drop-boks funksjon eller tilsvarande med relevant teikningsutveksling som alle involverte i byggeprosjektet skal ha tilgang til, inklusiv TH.

## **4.6. SHA-plan**

Byggherrens SHA-plan er vedlagt konkurransegrunnlaget, vedlegg F-7.10.

Totalentreprenøren skal i sin prosjekteringsfase bidra til at Byggherrens SHA-plan blir videreutviklet sammen med byggherren.

Totalentreprenøren skal sørge for å implementere SHA-planens krav hos alle underentreprenørens arbeidstakere gjennom egne sikkerhetskurs på byggeplass eller på annen måte sørge for forståelse igjennom møter.

Avvik fra SHA-plan skal rapporteres og korrigerende tiltak skal iverksettes omgående.

Rapportering av personskader og nestenulykker skal rapporteres omgående.

## **4.7. Helse, miljø og sikkerheit**

### **4.7.1 Generelt**

Viser til SHA-plan Vedlegg F-7.10 og Byggherreforskriften.

### **4.7.2 Arbeidsmiljølova**

TE skal ivareta funksjonane som hovudvernebedrift og har det fulle ansvaret for samordning av verne- og arbeidsmiljøarbeidet, og å vere sikkerheits-ansvarleg på byggeplassen.

### **4.7.3 Internkontrollforskrifta**

TE og hans underentreprenørar pliktar å organisere systematiske tiltak for å sjå til at myndigheitene sine krav m.o.t. HMS vert ivaretekne. Vidare skal TE på førespurnad leggje fram dokumentasjon på eige og underentreprenørane sitt internkontrollsystem. Før arbeid vert sett i gang, må TE og hans under-entreprenørar vere innstilte på å samordne internkontrollsystemet sitt dersom dette er nødvendig.

### **4.7.4 Byggherreforskrifta**

I samråd med tiltakshavar overtar TE overordna HMS- plan for tiltaket i samsvar med Byggherreforskrifta. TE skal med basis i overordna HMS- plan utarbeide detaljert HMS- plan for prosjekteringsfasen og gjennomføringsfasen. TE sender førehandsmelding til Arbeidstilsynet.

HMS- plan skal innehalde system for vernerundar med minimum frekvens annakvar veke, med fokus på overordna risikovurdering, løpande risikovurdering av alle arbeidsaksjonar etter framdriftsplan, loggføring av RUH, risikovurdering, sikker jobb analysar (SJA) etc., samt system for rapportering for vernerundar og månadsrapportering av status kvar måned til tiltakshavar. Planen skal også vise tidspunkt for HMS- inspeksjonar som skal utførast i samarbeid med tiltakshavar.

Tiltakshavar tek unna retten til å stanse byggearbeidet umiddelbart ved misstanke om at HMS-arbeidet ikkje er ivaretatt på ein tilfredsstillande måte. TE kan ikkje påberope seg vederlag eller tidsforleinging som fylgje av dette.

#### **4.8. Krav til bruk av lærlingar**

Det er et krav at totalentreprenøren er tilknyttet en lærlingordning, at minst ti prosent av arbeidet utføres av lærlinger og at minst en person av de som deltar i arbeidet med å oppfylle kontrakten skal være en lærling, jf. forskrift om plikt til å stille krav om bruk av lærlinger i offentlige kontrakter.

Kravet kan oppfylles av totalentreprenøren eller en eller flere av hans underleverandører.

Utenlandske leverandører kan oppfylle krav om bruk av lærlinger ved å benytte lærlinger fra en lærlingordning i opprinnelseslandet eller tilsvarende ordning i annet EU/EØS- land.

Totalentreprenøren skal ved oppstart, og på anmodning under gjennomføringen av kontraktarbeidet, dokumentere hvordan kravene vil bli oppfylt. Ved avslutning av kontrakten skal det fremlegges oversikt over antall timer utført av lærlinger. Timelister skal fremlegges på anmodning.

Kravet gjelder ikke dersom totalentreprenøren kan dokumentere reelle forsøk på å inngå lærekontrakt uten å lykkes. Kravet gjelder heller ikke dersom totalentreprenøren har inngått lærekontrakt, men forhold som skyldes lærlingen gjør at totalentreprenøren ikke kan benytte vedkommende under leveransen, forutsatt at totalentreprenøren kan dokumentere reelle forsøk på å inngå ny lærekontrakt uten å lykkes.

Byggherre kan holde tilbake inntil 5 promille av kontraktssummen dersom det er grunn til å tro at mislighold vil inntre. Før tilbakeholdelse kan iverksettes, skal byggherre skriftlig ha gitt totalentreprenøren en rimelig frist til å rette forholdet, med varsel om tilbakeholdelse om så ikke skjer.

Dersom kravet ikke er oppfylt ved avslutning av kontrakten, avkortes vederlaget forholdsmessig med inntil 5 promille av kontraktssummen.

Byggherre kan heve kontrakten dersom det foreligger vesentlig mislighold eller det er klart at vesentlig mislighold vil inntre. Før heving kan iverksettes, skal byggherre skriftlig ha gitt totalentreprenør en rimelig frist til å rette forholdet, med varsel om heving om så ikke skjer.

## 5. FRISTAR, DAGMULKT OG FRAMDRIFT

### 5.1. Tidsfristar og dagmulkt

<u>Tidsfrist:</u>	<u>Dato</u>	<u>Dagmulktbelagt</u>
1. Oppstart på byggeplass, evt utomhus	05.10.2026	
2. Lettvegg i rom E-104 må rivast innan	12.10.2026	
3. Levering skulebrakkerigg innan	12.10.2026	
4. Tidlegast oppstart asfaltering utomhus	21.06.2027	
5. Tidlegast oppstart arbeid klasserom/WC/personalrom Fløy E	21.06.2027	
6. Ferdigstilling utomhus utanfor riggområde (skuleområde)	15.08.2027	
7. Ferdigstilling/delovertaking fløy E (ikkje korridor)	20.08.2027	
8. Ferdigstilling/overtaking komplett leveranse.	01.10.2027	JA
9. Prøvedrift godkjent ferdig	01.04.2028	

### 5.2. Dagmulkt

Tidsfrist 7 i tabellen i punkt 5.1 «Ferdigstilling/overtaking komplett leveranse» er overlevering av bygningsmessig arbeid og tekniske anlegg klart for prøvedrift.

Dagmulkta per kvardag skal utgjere 1 promille av kontraktssummen ved overskriding av avtalte overtakingsfristar, men ikkje mindre enn kr 3 000 per kvardag.

### 5.3. Framdriftsplanlegging

Det vert presisert at prosjektet skal gjennomførast medan Lærdalsøyri skule, idrettshallen og utomhusområdet er i full bruk på dagtid (utanfor tiltaksgrensene). Totalentreprenøren skal i si fremdriftsplanlegging ta høgde for at bygginga i minst mogleg grad skal forstyrre drift og bruk av skulen, og at omsyn til tryggleik, tilkomst/rømning, støv og støy må ivaretakast gjennom heile byggeperioden.

Premiss :

I byggeperioden har entreprenøren full tilgang til riggområde 1 og 2 som vist på Teikningnr 2607.30.100 Situasjon\_rigg. Desse områda er stengt for elevar og tilsette på skulen. Desse områda skal entreprenøren alltid sikre.

Tiltak i Fløy E :

Nødvendige tiltak i rom E-108 må utførast i skuleferien og må planleggast og godkjennast saman med TH då SFO nyttar lokala. Tiltak rundt toaletta i Fløy E må utførast i skuleferien eller planleggast slik at elevar vert nekta tilkomst. Støyande arbeid må ikkje utførast i skuletida.

Utomhusarbeid :

Utomhusarbeid som ligg utanfor riggområde skal vere tilgjengeleg for elevane. Arbeidet må planleggast slik at det ikkje forstyrrar skuledrifta. Unntak for dette er arbeid langs austsida av Fløy B; her kan det sperrast av med byggegjerdet på våren 2027.

Totalentreprenøren har ansvar for å innarbeide slike drifts- og HMS-relaterte avgrensingar i framdriftsplanen som nemnt over, herunder nødvendig faseinndeling, logistikk og avsperringar, slik at dei avtalte tidsfristene kan haldast.

## 6. VEDERLAG

Det vert vist til konkurransegrunnlaget sitt prisskjema ( 0-0 Prisskjema) der følgjande skal oppgjevast av tilbydar:

- Prissamanstilling
- Rekningsarbeid
- Påslag for materialar

## 7. VEDLEGG

0-Overordna

A-ARK

B-RIB

V-RIV

E-RIE

BR-RIBR

L-LARK

F-7.1 Gjeldande reguleringsplan

F-7.2 Gjeldande planføresegner

F-7.3 Samtykke Arbeidstilsynet

F-7.4 Etterkontroll

F-7.5-A Rammeløyve

F-7.5-B Endringsløyve (midlertidige brakker)

F-7.5-C Stadfesting på at vilkår i rammeløyve er oppfylt

F-7.6 Miljøsaneringsrapport iVestconsult

F-7.7 Laser-scan av eksisterande skule (punktskymodell) Envision-IT

F-7.8 Tilgang punktsky

F-7.9 Akustikkrappport Norconsult

F-7.10 SHA- plan

F-7.11 Kravspesifikasjon miljø

F-7.12 Lærdalsøyri skule - Begrunnelse for bruk av krav iht. FOA §7-9

Vedleggsliste:

<b>Fag</b>	<b>Tekst</b>	<b>Filnavn</b>
ENT	Prisskjema	0-0 Prisskjema
ARK	Beskriving bygning	0-Bok 2 Beskrivelse Bygning
RIV	Beskriving VVS	0-Bok 3 Beskriving VVS
RIE	Beskriving elektro	0-Bok 4 Beskriving Elektro
ARK	DWG filer samlet	A-2607 DWG filer
ARK	IFC modell av bygg	A-2607.000 IFC - bygning
Felles	IFC modell, samanstilling tekniske fag	A-2607.000-1 IFC - sammanstilt tekniske fag
ARK	Teikningsliste ARK	A-2607.30 Teikningsliste anbud
ARK	Riggplanar og mellombellsskule	A-2607.101 Situasjon_rigg
ARK	Planar 1:100	A-2607.110 Planer 1_100
ARK	Planar 1:50	A-2607.110-1 Planer 1_50
ARK	Snitt teikningar	A-2607.160 Snitt
ARK	Fasade teikningar	A-2607.180 Fasader
ARK	3D illustrasjonar	A-2607.190 3D
ARK	Teikningar etter riving	A-2607.A00 Etter riving
ARK	Teikningar på eksisterande bygg	A-2607.E10 Eksisterande Teikningar
ARK	Gulvbehandlingsplanar	A-2607.G00 Gulvbehandlingsplaner
ARK	Himlingsplanar	A-2607.H10 Himlingsplaner
ARK	Lydplanar	A-2607.L00 Lydplanar
ARK	Låsplanar	A-2607.LB00 Låsplaner
ARK	Møbleringsplanar	A-2607.M00 Møbleringsplaner
ARK	Skjema og lister; vinduer, dører, kjøkken osv.	A-2607.30.S00 Skjemaer og lister
ARK	Rivings teikningar	A-2607.X00 Riving

RIB	Teikningsliste RIB	B-1724-FO-00 - TEIKNINGSLISTE TILBODSTEIKNINGAR RIB
RIB	Planar og Snitt Fløy F	B-1724-FO-01 - Planar og snitt nytt tilbygg
RIB	3D illustrasjoner Fløy F	B-1724-FO-02 - 3D-illustrasjonar nytt tilbygg
RIBr	Teikningar brann og rømning	BR-Brannprosjekteringsteikningar
RIBr	Brannvurderings notat	BR- Brannvurdering, Skulevegen 11, Lærdal - ombygging og tilbygg
RIBr	Teikningsliste RIBr	BR- RIBR 1104620 -Tegningsliste
SØK	Plankart	F-7.1 Plankart
SØK	Reguleringsføresegner	F-7.2 Reguleringsføresegner
SØK	Samtykke frå arbeidstilsynet	F-7.3 Automatisk samtykke Arbeidstilsynet
SØK	Etter kontroll av arbeidstilsynet	F-7.4 Etterkontroll – planane oppfyller no krava i regelverket
SØK	Rammeløyve	F-7.5-A Rammeløyve
SØK	Endringsløyve	F-7.5-B Endringsløyve (midlertidige brakker)
SØK	Oppfylging vilkår rammeløyve	F-7.5-C Stadfesting på at vilkår i rammeløyve er oppfylt
SØK	Dokumentasjon av vilkår rammeløyve	F-7.5-C.1 Ettersending, oppfølging av vilkår jf rammeløyve
Riving	Miljøkartlegging	F-7.6 2024129 Miljøkartleggingsrapport Lærdalsøyri skule, revidert 09.02.2026
Felles	3D skanning av eksisterande bygg	F-7.7 Punktsky Lærdaløyri skule.e57
Felles	Tilgang til 3D skanning	F-7.8 Tilgang punktsky
RIAKU	Akustikk notat	F-7.9 Akustikkrapport Norconsult Voss
Felles	SHA-plan	F-7.10 SHA-plan -Lærdalsøyri skule
Felles	Kravspesifikasjon miljø	F-7.11 Kravspesifikasjon miljø
Felles	Notat miljø Multiconsult	F-7.12 Lærdalsøyri skule - Begrunnelse for bruk av krav iht. FOA §7-9
LARK	Tegningar LARK	L- Teikningar LARK
LARK	Beskrivelser utomhus	L- Utomhusbeskrivelse LARK - Lærdalsøyri skule
RIV, RIE	Skisser av RIV og RIE, IFC	V,E-LØS-skisser VVS og elektro.ifc
RIV	Prinsippskisse plan 1 - Fløy A	V-360.20.101 Prinsippskisse plan 1 ventilasjon fløy A
RIV	Prinsippskisse aggregatplassering - Fløy F	V-360.20.102 Prinsippskisse aggregatplassering fløy F
RIV	Prinsippskisse plan 2 - Fløy A	V-360.20.200 Prinsippskisse plan 2 ventilasjon fløy A
RIV	Eksisterende VVS tekningar Fløy E og idrettshallen	V-eksisterande teikningar VVS Lærdalshallen og småskulen
RIV	Eksisterende VVS tekningar Fløy B, C og D	V-eksisterande teikningar VVS skule
RIV	Teikningar DWG takplan	V-eksisterande-5007663-Takplan.dwg
RIV	Teikningar DWG Kjeller	V-eksisterande-5007663-VVSkjeller.DWG

RIV	Teikningar DWG Plan 1	V-eksisterande-5007663-VVSplan1.dwg
RIV	Teikningar DWG Plan 2	V-eksisterande-5007663-VVSplan2. DWG
RIV	Teikningsliste RIV	V-Teikningsliste ventilasjon